



Fylkesmannen Vestland
Statens hus
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/74 - 20/8595

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
17.02.2020

Oversender vedtak til endeleg klagebehandling - gbnr 311/1 Øvre Tveit

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 311/29 og 311/1
Adresse: Vestbygdvegen 288 og 284
Tiltakshavar/eigar: Gbnr 311/29 – Reidun og Alf Rykkje. Gbnr 311/1 Cathrine og Tor Helge Thorvaldsen.
Klagar: Alf Rykkje

Saka gjeld

Saka gjeld klage på vedtak fatta av utval for drift og utvikling i tidlegare Meland kommune, arkivsak19/1879 med politisk saknr 103/2019, datert 26.11.2019 om dispensasjon til arealoverføring av 200m² frå gbnr 311/1 til gbnr 311/29. Det var søkt om dispensasjon for arealoverføring av 450m² frå landbrukseigedom gbnr 311/1 til bustadeigedom gbnr 311/29.

Planstatus

Eigedom som arealet skal overførast frå, gbnr. 11/1, er ein landbrukseigedom.

Eigedom som arealet skal overførast til, gbnr. 11/29, er ein bygd bustadeigedom med status som LNF-spreidd bustad i tab. 9.1 til KPA si føresegn 3.2.3.

Areal på over 200 m² kan ikkje overførast mellom eigedomane utan dispensasjon frå LNF-formålet, jf. føresegn 3.1.2 og 3.2.1 til KPA, jf. pbl § 19-2 andre ledd, j f. § 11-6 andre ledd.

Historikk

Det vart gjeve avslag vedtak fatta av utval for drift og utvikling, arkivsak19/1879 med politisk saknr 103/2019, datert 26.11.2019. Utval for drift og utvikling fatta følgjande vedtak:

«Utval for drift og utvikling gir dispensasjon til overføring av eit areal på inntil 200 m2, frå gbnr. 11/1 til gbnr. 11/29, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 andre ledd

Vidare gir Utval for drift og utvikling med heimel i jordlova § 12 samtykke til deling av inntil 200 m2 frå gbnr. 11/1.

Frådeling kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve ette pbl kapittel 20.

For grunngjeving av vedtaket sjå saksutgreiing og vurdering over.»

Vedtaket vart klaga på frå tiltakshavar innan rett tid 20.12.2019.

Klagen frå tiltakshavar vart behandla av Utval for areal, plan og miljø i møte den 05.02.2020, der Lindås kommune sitt vedtak datert 26.11.2019 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Areal, plan og miljøutvalet i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«APM- 014/20 Vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak19/1879 med saknr 103/2019, datert 26.11.2019 vert oppretthaldt.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.»

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland ved settefylkesmann for endeleg avgjerd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak om dispensasjon for arealoverføring - gbnr 311/1 Øvre Tveit
Klage til søknad om dispensasjon for arealoverføring GBNR 311/1 og 311/29
E-postmelding - Klage om Søknad om dispensasjon for arealoverføring.
Tillegg til klage på avslag - arealoverføring
E-postmelding - Tillegg til klage
GBNR 11/1 og 11/29 - Søknad om dispensasjon for arealoverføring - Vestbygd
Søknad om dispensasjon - arealoverføring
E-postmelding - Søknad om dispensasjon GBNR 11/29 - arealoverføring
Søknad om frådelling av tilleggsareal/grensejustering - GBNR 11/29, 1
Korrigerering av tomtegrenser
Avtale
Kart
Ortofoto
Skyldskifte
Uttale landbruk arealoverføring mellom GBNR 111

Kopi til:

| | | | |
|-----------------------|-----------------------|------|----------|
| Alf Rykkje | Vestbygdvege n 288 | 5919 | FREKHAUG |
| Tor Helge Thorvaldsen | Vestbygdvege n 284 | 5919 | FREKHAUG |

Mottakarar:

| | | | |
|-----------------------|-------------|------|-----------|
| Fylkesmannen Vestland | Statens hus | 6863 | LEIKANGER |
|-----------------------|-------------|------|-----------|